

Vedlegg 1.

BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,
5282 LONEVÅG.
Tlf. 91186782.

Leif Vatle,
5281 Valestrandsfossen.

Faktura 30 / 2015.
Org.nr. 970055584 MVA.
Kontonr. 3626 09 03688.
Forfall 12. 11. 2015.

Arbeid på Løemuseet.

Materialer:

Dragar over florsdøra	1,5 m 4 x 4" a kr 50	kr 75
Kledning	63 m 19 x 148, alfura, a kr 22	kr 1386
Spikaerslag	6 m 2 x 4" a kr 20,24	kr 121
Vindskier m.m.	12 m 1 x 8" a kr 30	kr 360
Hella over døråpningen		kr 100
Mønjemaling til mønet	3 l Nordsjø a kr 110	kr 330
Målpensel		kr 50
Spikar, skruar og anna		kr 100
Møretyri	10 l tretjøra a kr 213	kr 2130
	10 l kokt linolja a kr 108	<u>kr 1080</u> kr 5732
Bilbruk	48 km bil og tilhengjar a kr 12,00	kr 576
	32 km bil a kr 8,00	<u>kr 256</u> kr 832
Arbeid	32 timer a kr 500	<u>kr 16000</u>
Sum utan moms		kr 22564
+ 25% moms		<u>kr 5641</u>
Totalt		<u>kr 28205</u>

Revheim 03. 11. 2015.


Rune Revheim.

Betalt ~~28205~~ 28205,-
Løemuseet v/
Leif Vatle
5281 Valestrandsfossen

Ha

Vedlegg 2

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,
5282 LONEVÅG.
Tlf. 91186782.**

**Leif Vatle,
5281 Valestrandsfossen.**

Løemuseet.

Ferdigmelding.

Me har nett gjort oss ferdige med ein vedlikehaldsrunde på løa til Leif Vatle.
Løa er fin, og i god stand, men litt vedlikehald er det alltid trong for, på so gamle hus.

Florsinngongen.

Hella over florsdøra var brotna. Brotet er i høgre kanten, utanfrå. Trur aldri det var fåre for at ho datt ned, men no er ho sikra. Hella ligg over dørropningen, øvst på flormuren. La ein 4 x 4" dragar av alfura opp-på hella og skrudde dei saman med 20 m.m. gjengestong.

Kledningen.

Nore ramen var därleg. Den bytte me. Nytt a kledningsbord av rein alfura.

I søre ramen bytte me berre vindskiene.

Dersom veret tillet det i haust, vil eigarane tjørebreira all kledningen på løa. Vert det ikkje råd i haust, tek dei ho til våren. Det er innkjøpt tretjøra frå Møretyri og kokt linolja.

Taket.

Taket på løa er rasteheller. Dei kjem frå hellebroten i Sollesnes, haringaheller. Sollesneshellene er av sers god kvalitet. Dei er seige og kan bøyast ein god del, utan å brotna, lette å hogga til og forvirrar ikkje. I vest er der svol mest heile sida. På løsvola er det lappskifer.


Taket er godt, men ei hella over lødøra var sund. Skøyte inn ei helle der, med ny lekta under.

Ny takrenna over lødøra.

Mønekjølen vart malt med svart mønjemaling.

Elles er løa fin og velhalden.

Revheim 03. 11. 2015.



Rune Revheim.

*Med takk for utført arbeid.
Leif Vatle
Løemuseet*